



**Valle Idrottslag**

[www.valle-il.no](http://www.valle-il.no) | [post@valle-il.no](mailto:post@valle-il.no)

Postboks 7, 4747 Valle

Bankkonto: 2890.20.60075

Styreleiar Anne Liv Lidtveit, telefon 99386630

Møtte:

Anne Liv Lidtveit (leiar)

Cecilie Haugen

Marit J. Brøkke

Petra Marie H. Birkeland

Bjørgulv Sverdrup Lund

Magnhild Tveit

Lars Tarald Myrum

### **Styremøte i Valle IL, 5.januar 2016**

#### **1. Referatsaker**

Marit orienterte om status for nye klubbklede.

#### **2. Gjennomgang av økonomien**

Petra Marie orienterte om økonomien.

#### **3. Fakturering Min Idrett**

Ein opplever framleis utfordringar kring registreringa av rett aktivitet i Min Idrett. Til dømes må brukarar av Møykjeromet registrerast manuelt.

For å auke tempoet i innmeldingar vil ein påleggje trenarane å føre oppmøtelister den siste delen av januar, til og med 1.februar. Ein vil så sende ut purringar til dei som står på oppmøtelistene (eller føresette).

#### **4. Årsmøtet 2016**

Det vert halde årsmøte på Sølvarden onsdag 16.mars kl.1800.

#### **5. Stønad til utøvarar**

Styret har motteke søknadar frå to utøvarar, Elin Uppstad og Aron Åkre Rysstad. Styret godkjenner begge søknadane, og gjev kvar utøvar kr.10.000.

#### **6. Laurdag 16.januar – open hall og basseng**

Anne Liv lagar ei facebook-hending.

- a) Marit J. Brøkke stiller sjølv som vakt i hallen. Caroline Rysstad og Bjørg Åkre lagar eit opplegg for møykjeromet.
- b) Magnhild Tveit og Kristine Kleiveland stiller som badevakter i bassenget.
- c) Ein oppmodar folk om å ta med seg niste.

#### **7. Skiutstyr til flyktingar**

Ein ser ikkje at det er Valle IL si oppgåve å skaffe skiutstyr.

#### **8. Idrettens historie**

Laget har fått førespurnad om å stø eit bokprosjekt om idrotten på Agder.

Ein har løyva 5000 kr til prosjektet. Torleif B. Harstad har tidlegare fått i oppgåve å samle inn lagets historikk. Resultatet av dette arbeidet kan kanaliseras vidare til bokprosjektet.

#### **9. Eventuelt**

\*Frå Valle Kommune har ein fått melding om at mange dører som skal vere låste, står opne. Anne Liv legg ut ei påminning om låserutinene på facebooksidea.

Neste møte vert tysdag 9.februar, kl.18.00.

-møtet slutt-